

Saksprotokoll i 15.01.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Hanne Eva Husebø Kristensen (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen - Solvik/Rake vert imøtekomen. Stryn kommune må vente med tilbakebetaling til dei prosjekta som ligg framføre i prioriteringslista er finansierte.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei prinsippsak i høve forskottingar på fylkesveg.»

Trude Brosvik (KrF) sette fram slikt forslag:

«Endring:

- 1) Ta ut pkt 1.
- 2) pkt 2 blir pkt 1
- 3) Pkt 3 blir pkt 2, og får slikt tillegg: Det er ein forutsetning at finansieringa ikkje skubber tiltak som i gjeldande planar er prioriterte framom tiltaket på FV 60 nedover på prioriteringslista. Ei løysing som inneheld forskottering eller delvis forskottering, kan vurderast om ein legg denne forståinga til grunn.»

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt utsetjingsforslag:

- «1. Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen - Solvik/Rake vert utsett til prinsippsak er behandla.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei prinsippsak i høve forskottering på fylkesveg innan 03.06.20.»

Avrøysting til forslaget om utsetjing

Følling sitt forslag om utsetjing vart vedteke mot 4 røyster (H og KrF).

Vedtak om utsetjing

1. Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen - Solvik/Rake vert utsett til prinsippsak er behandla.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei prinsippsak i høve forskottering på fylkesveg innan 03.06.20.